

Heggenes 16.mars 2026

Vi i eldrerådet takkar for god orientering av kommunalsjef Kjersti Hedalen om denne saka i møte 11.februar 2026.

Vi har fylgjande innspel:

Vi meiner det er for kort tid sidan to skulebygg vart utbygde for store summar, til at dei i nær framtid skal ut av bruk, og det skal investerast i eit heilt nytt skulebygg. Vi trur mange av innbyggjarane generelt i Øystre Slidre vil stille seg nokså kritisk til dette. Då må i tilfelle bygga kunne brukast til andre kommunale føremål.

Vi meiner uavhengig av dette, at det kan være positive sider ved at alle ungane i kommunen går på same skule. Dei får like tilhøve, læringsmiljø og same reglar og skuletid. Ein negativ effekt er lengre tid på skulebussen for mange. Men det kan elles ha ein positiv verknad på organiseringa av skuleskyssordninga.

Med omsyn til befolkningsrognosane fram til 2050, vil tal elevar i grunnskulen halde seg på gjennomsnittleg ca 30 pr. årskull. Det vil derfor vera to klasser pr.kull anten det er ein eller to skular. På ein skule vil det vel vera lettare å utnytte personalkapasiteten. Når det gjeld miljøet rundt skulen, er det vel usikkert kor mykje det har å seie å ha skule i grenda, då innbyggjarane generelt kanskje ikkje har so mykje med skulen å gjera. Dei fleste i kommunen har ikkje skule i nærmiljøet sitt no heller.

Vi ynskjer lykke til med prosessen vidare.

Mvh Eldreådet i Øystre Slidre